

Viser til e-post under frå Statens Vegvesen sendt 14.10.2014 med spørsmål om omdisponering av jordbruksareal på gnr. 37/2 i Vinje kommune i samband med opprusting av E-134 frå Åmot og austover.

Etter vedtak av reguleringsplan i kommunestyret den 10.5.2012 er det kravd støyskjerm og ny tilkomst på eigedomen gnr. 37/2 i samband med vegutbygginga. Vedlagt kartutsnitt syner at nemnte tiltak krev eitt dyrka areal på 2-3 dekar. Eigedomen har eit fulldyrka areal på 31 dekar.

Etter jordlova § 9 er det høve til å gje dispensasjon frå eitt generelt forbod mot omdisponering. Det er mellom anna nemnt at det då kan takast omsyn til godkjende planar etter plan- og bygningslova eller det samfunnsgagnet ei omdisponering vil gje. Ut frå situasjonen i saka slik den er lagt fram kan det synast som om begge desse vilkåra er oppfylt. Sakshandsamar kan heller ikkje sjå at ei omdisponering vil gje ulemper for landbruket eller kulturlandskapet i området, og kan såleis – i medhald av jordlova § 9 - gje løyve til omdisponering av inntil 3 dekar jordbruksareal på gnr. 37/2 etter framlagte planer.

mvh

Thor Christiansen  
Landbruksrådgjevar

 Vinje kommune

Næringskontoret  
3890 Vinje  
tlf 35 06 23 89

---

**Fra:** Leikvoll Turid Marie [mailto:turid.leikvoll@vegvesen.no]

**Sendt:** 14. oktober 2014 13:42

**Til:** Thor Christiansen

**Kopi:** Førland Solfrid

**Emne:** E134 Raudå bru - Åmot. Vegprosjekt

Hei!

Har hatt kontakt med Lotte Næss i forbindelse med prosjekteringsarbeid for opprusting av E134 fra Åmot sentrum og østover. Hun ba meg kontakte deg fordi vi hadde et spørsmål i forhold til jordloven.

I forbindelse med vurdering av støytiltak for eiendommen til Stein Versto gnr/bnr 37/2 har vi kommet fram til at vi ønsker å etablere en 3 meter høy støyvoll på eiendommen, parallelt med E134. For å få full effekt av denne støyvollen må eksisterende avkjørsel flyttes noe østover.

Løsning med støyvoll og flytting av avkjørsel lå ikke inne i vårt forslag til reguleringsplan, men kommunestyret pekte på disse tiltakene i sitt vedtak (se vedlegg med vedtak). Tiltakene er i tråd med grunneiers ønske, men beslaglegger mer areal dyrka mark enn hva som er regulert (se skisse med støyskjerm og avkjørsel). Hvordan blir prosessen på denne endringen?

Vedlagt følger brev med behandling og vedtak av reguleringsplanen, samt en foreløpig skisse som viser støyskjerm og ny avkjørsel.

Av hensyn til framdriften håper vi at du har mulighet til å gi et raskt svar på dette.

Med hilsen  
Turid Marie Leikvoll

**Seksjon:** Plan og prosjektering Telemark

**Postadresse:** Statens vegvesen Region sør, Postboks 723 Stoa, 4808 ARENDAL

**Besøksadresse:** Gjerpensgate 10, SKIEN

**Telefon:** +47 35581610 **Mobil:** +47 97741767 **e-post/Lync:** [turid.leikvoll@vegvesen.no](mailto:turid.leikvoll@vegvesen.no)

[www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no) **e-post:** [firmapost-sor@vegvesen.no](mailto:firmapost-sor@vegvesen.no)

Tenk miljø - spar papir. Trenger du å skrive ut denne e-posten?